



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 13/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Kenneth Monsen

Uttale til framføring av EL – Hovudledning fra Krististølen til Vaset

Valdres Energiverk søker om å få føre fram ny hovudledning fra Krististølen til Vaset. (sjå vedlegg for trase)

Dette vert rekna som eit «grunndisponeringstiltak».

Fjelloya §12: *Iverksetjing av grunndisponeringstiltak - herunder tiltak som gjeld vassdrag - i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Grunndisponeringstiltak kan berre føretakast av departementet eller med løyve frå departementet, med mindre anna er særskilt fastsett. Før departementet tek avgjerd skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.*

I følgje fjelloya §3 skal fjellstyret arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsinteressene. Framføring av straum er viktig for næringslivet, både stølsnæringa og anna næringsliv.

Det vart i 2017 vurdert liknande sak, som då gjaldt framføring av hovudledning frå Rensenn til Krististølen. Fjellstyret fatta då følgjande vedtak i sak 26/17:

Fjellstyret tilrår at Valdres Energiverk AS får føre fram straum frå Nøsen til Krististølen, men fjellstyret ber energiverket vurdere alternativet med trasé langs Panoramavegen frå støl 94/1/808 til nærliken av krysset til Krististølen. Det er ein føresetnad for tilrådinga at all straumkabel blir lagt i bakken.

Fjellstyret ynskte i utgangspunktet at straumline skulle gå langs Panoramavegen, men det vart seinare fatta nytt vedtak (sak 24/2018) ang trase då det å legge hovudledning langs Panoramavegen vart ansett som for kostbart då målet med prosjektet var berre Krististølen og ikkje Vaset.

Det er litt uheldig at det å legge ein hovudledning langs hovudvegen, noko som er logisk og gjer minst inngrep i naturen, først er for dyrt då dei ikkje planlegg å føre denne heilt fram til Vaset. Nokre få år etterpå er dette plutseleg ein realitet. For fremtida bør Valdres Energiverk ha ein meir heilhetleg tankegang når det gjeld framføring av straumkabel, både når det gjeld hovudledningar samt til nye område som sikrer at flest mogleg får moglekeit til tilkopling som og reduserer talet på kablar inn i området.

Dette er og poengtert frå Statskog ved oversending av sak som har skrive følgjande:


Jeg synes denne saken er litt spesiell fordi vi krevde at de skulle legge kabelen langs med veien fra Rennsenn og opp til Krististølen. Dette mente de ble for lang omvei og ville fordyre tiltaket såpass at de fikk krysset gjennom terrenget og opp til Krististølen. Når de nå likevel planlegger videre trase fra Krististølen til Vaset, så tenker jeg at vi skulle vært klarere på at de må benytte traseer langs med eksisterende veier. I denne saken søker de om å følge Panoramaveien og så kutte ned over terrenget til Langrudstølen. Alternativ bør de kanskje følge Panoramaveien helt ned til bommen også videre innover Bjødneshøvdvegen.

Statskog ber om at fjellstyret behandler saken som en grunndisponering jf. § 12 i forhold til de med bruksrett. En nedgravet strømkabel vil jo egentlig ikke gå utover beiteretten da det gror til igjen, men Fjellstyret får likevel vurdere trasevalget. Hvordan skal vi i framtiden sikre at minimalt med nye områder blir tatt i bruk. Vi ser nå også at Valdres Energi begynner å bytte ut ledningsnettet og velge nye traseer.

Det er ei logisk vidareføring å trekke hovudledningen heilt fram til Vaset, administrasjonen tilrår fjellstyret å vere positiv til dette.

Administrasjonen er og enig med Statskog om at ein bør sjå noko meir på trase valet på den siste delen mot Kvålsstølen. Vedlagt skisse syner eit forslag som vil redusere den visuelle verknaden av ny kabel. Ein foreslår her å føre kabel langs Panoramavegen frem til det nye utviste tilleggsjordet/etablert brønn til Knut Storhaug (ikkje vist på kartet med eige festenummer ennå), og deretter følgje gjerdet som skal etablerast/nedgravd vasskabel ned til Bjødneshøvdvegen, og vidare fram til nytt punkt for trafo. (blå strek er foreslegen endra trase.)

Ut i frå bruksberettiga, kan ein ikkje sjå at dette tiltaket har særlege negative verknader. Ein føresett at sår i terrenget vert tilplanta med stedeigne arter og at det ikkje vert etablert tiltak som gjer ein større fare for m.a. beitedyr osv.



Blå strek syner føreslegen endring på trasee for straumkabel.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret tilrår tiltaket med framføring av ny hovudledning mellom Krististølen og Vaset, med den merknad om at for fremtida bør Valdre Energiverk tenke meir heilhetlige løysingar på eit tidlig stadium som avgrensar terrenginngrep i større grad.

Ein ber om at traseen vert lagt om slik at hovudledning føres fram langs Panoramavegen frem til nytt brønnpunkt for støl S847, langs allereie nedgravd vassledning/gjerde og vidare langs Bjødnhøvdvegen.

Vedtak

Fjellstyret tilrår tiltaket med framføring av ny hovudledning mellom Krististølen og Vaset, med den merknad om at for fremtida bør Valdre Energiverk tenke meir heilhetlige løysingar på eit tidlig stadium som avgrensar terrenginngrep i større grad.

Ein ber om at traseen vert lagt om slik at hovudledning føres fram langs Panoramavegen frem til nytt brønnpunkt for støl S847, langs allereie nedgravd vassledning/gjerde og vidare langs Bjødnhøvdvegen.

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog